



KOPI

Geir Styve
Hjelmåsen 37
5915 HJELMÅS

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1410 - 17/13163

Saksbehandlar:
Arne Helgesen
HELA@lindas.kommune.no

Dato:
08.05.2017

Godkjenning av VA anlegg og informasjon om overtakingsprotokoll Helleåsen bustadfelt

Utbyggjar Helleåsen A/S har tidlegare meldt aktuelt anleggssomfang for VA, slik det framgår av plangodkjenning og utbyggingsavtale, klar for overtaking til kommunal drift og vedlikehald. Anlegget vart synfare i fellesskap av utbyggjar og Teknisk drift den 17.04.2017.

Følgjande avvik vart notert:

- Vassleidningskummer har feil type lokk. Skal vera med slite-/dempe ring, og sentrisk lokk for brannventil utan gummipakning.
- Merking av brannventilar i heile feltet må gjerast i tråd med VA- norm, - same type skilt som i Bergen kommune.
- Heving av 1 stk. vasskum må utførast.
- Alle kummer med brannventil skal ha sluseventil under brannventil. Det må kontrollerast at alle kummer i feltet har det.
- Brannventilar skal ha dekklokk på ihht. VA norm
- Alle stikkleidningar skal ha varig merking med Gnr./bnr. på samlestokk i kum.
- Utbyggjar må sørgje for at det ligg føre naudsynd dokumentasjon på garantiar for utført anleggsarbeid i henhold til pkt. 6.3 i utbyggingsavtalen.

Når utbyggjar skriftleg stadfester til Lindås kommune at over nemnte avvik er retta, overtek kommunen hovudvassleidning til eige, drift og vedlikehald i h.h. til pkt. 3.2 i utbyggingsavtalen.

Etter at det er lagt fast dekke i feltet, skal utbyggjar kalle inn til ny felles synfaring for å kontrollere at anlegget ikkje er påført noko skade. Inntil fast dekke er lagt, har utbyggjar ansvar for eventuelle skader som blir påført anlegget. Dersom det går meir enn eit år før fast dekke vert lagt, skal utbyggjar kalle inn til felles garanti-synfaring eitt år etter overtaking.



Det manglar framleis merking av ein del brannkummer og stikkeidningar med Gnr./bnr. i første del av feltet. Dette må vera utbetra før sluttbefaring, etter at fast dekke er lagt.

Godkjenning VA- anlegg/ overtakingssprotokoll vert underskriven og sendt utbyggjar i tre eksemplar i h.h.t til utbyggingsavtale pkt 6.5 . Utbyggjar må skrive under og returnere eit eksemplar til Lindås kommune, teknisk drift ved Bente S. Førland før godkjenning/overtaking er formelt i orden.

Med helsing

Arne Helgesen
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Geir Styve

Hjelmåsen 37 5915

HJELMÅS

Mottakarar:

Nordhordland Grunn og Betong AS

Mongstadvegen 5954
1000

MONGSTAD

Standal Vvs AS

Blombakken 1 5911

ALVERSUND